

Tilsynsrapport
sak 2019-12

Oppfølging av funn avdekka gjennom
sykkelveginspeksjonar

Statens vegvesen, Region nord

Saksnummer	2019-12
Publiseringsdato	18.11.2019
Tilsynslag	Bente I. B. Molland, tilsynsleiar Frode Himle Halrynjo, fagrevisor veg Ida Blomhoff Pedersen, fagrevisor juridisk
Tilsynspart	Statens vegvesen

Om rapporten

Denne rapporten er basert på tilsyn i Statens vegvesen. Tilsynet blei gjennomført i Region nord. Tilsynssaka omhandla oppfølging av funn avdekkja gjennom sykkelveginspeksjonar.


Rapporten inneheld ei oppsummering av tilsynet og ein presentasjon av tilsynsfunn.

Sign.:



Trude Tronerud Andersen
direktør

Sign.:



Bente I. B. Molland
tilsynsleiar

Samandrag

Målet med tilsynet har vore å undersøke om Statens vegvesen, Region nord følger opp funn avdekka gjennom sykkelveginspeksjonar.

Vegtilsynet har undersøkt oppfølginga av sykkelveginspeksjonar gjennomført i perioden 2014–2018 i vegavdeling Nordland, vegavdeling Midtre Hålogaland, vegavdeling Troms og vegavdeling Finnmark.

Samla sett viste tilsynssaka at Region nord stort sett etterlever dei krava Statens vegvesen har sett til korleis oppfølginga av funn frå sykkelveginspeksjonane skal gjennomførast. Tilsynet har likevel vist at nokre av dei mest alvorlege funna ikkje er eller vil bli utbetra, og at trafikksikkerheita på areal for syklistar ikkje fullt ut er ivaretatt.

Vegtilsynet gjorde følgande funn:

- Vegavdeling Nordland og vegavdeling Midtre Hålogaland har ikkje gjennomført alle vedtekne tiltak.
- Vegavdelingane manglar metode/verktøy i prosessen med å velge og prioritere tiltak basert på alvor i funna og kor mykje tiltaket kostar.

Vegtilsynet har funne eitt avvik som vil bli følgt opp med Statens vegvesen. I tillegg er det gjort éin observasjon.

Innhold

1. Bakgrunn.....	5
2. Mål og problemstillinger.....	5
3. Gjennomføring og metode.....	6
4. Tilsynsresultat.....	7
5. Konklusjon.....	13

1. Bakgrunn

I Statens vegvesens handlingsprogram står det at «[i]nspeksjoner av alle gang- og sykkelanlegg og nasjonale sykkelruter skal være gjennomført i løpet av 2019 med hensyn til trafikksikkerhet».¹

I *Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerhet på veg 2018 - 2021* står det at:

En sykkelveginspeksjon er en systematisk gjennomgang av en sykkelrute for å identifisere feil og mangler. Trafikksikkerhet er et sentralt tema i disse inspeksjonene. Statens vegvesen vil videreføre målsettingen om at alle sykkelruter langs riksvegnettet skal være ferdig inspisert innen utgangen av 2019. Av totalt 1476 km med sykkelruter langs riksveger var det per 1/1 - 2017 gjennomført sykkelveginspeksjon av 60,3 prosent, mens kun 36,2 prosent var utbedret. Dette viser at det er behov for bedre rutiner for oppfølging av sykkelveginspeksjonene med nødvendige utbedringer.²

Med bakgrunn i dette gjennomfører Vegtilsynet flere tilsyn innan temaet trafikksikkerheit for heilårssyklusen, med deltema sykkelveginspeksjonar. I denne tilsynssaka ville Vegtilsynet undersøke oppfølginga av dei sykkelveginspeksjonane som er gjennomført i Region nord i perioden 2014-2018.

2. Mål og problemstillingar

Målet med tilsynet har vore å undersøke om Statens vegvesen, Region nord følger opp funn avdekka gjennom sykkelveginspeksjonar. Problemstillinga er:

Sikrar Statens vegvesen, Region nord at trafikksikkerheita på areal for syklistar blir ivaretatt gjennom oppfølginga av sykkelveginspeksjonane?

¹ *Handlingsprogram 2018 - 2023 (2029)*, kap. 5.4. *Programområdene*

² *Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerhet på veg 2018 – 2021*, kap. 6.2.2 *Tiltak for fysisk tilrettelegging for gående og syklende*

3. Gjennomføring og metode

Tilsynssaka er gjennomført som ein revisjon og blei varsla 19. mars 2019.

Tilsynet er gjennomført i vegavdelingane Nordland, Midtre Hålogaland, Troms og Finnmark.

Basert på varselet mottok Vegtilsynet dokumentasjon frå alle sykkelveginspeksjonar gjennomført i Region nord i perioden frå og med 2014 og fram til i dag:

Tabell 1: Undersøkte sykkelveginspeksjonar




Sykkelveginspeksjon (inspeksjonsår i parentes)	
Vegavdeling Nordland	E6, HP8 Førnes (2018)
	E6, HP9 Sjønesheia (2018)
	E12, Tverråga bru – x Brennåsvegen (2018)
Vegavdeling Midtre Hålogaland	E10, Strandelva – Bogen skole (2014)
	E6, Skjomnes – Håkvik (2016)
	E10, Hamnøytunnelen og Fjøsaldaltunnelen (2017)
Vegavdeling Troms	E6, Sørkjosen – Storslett (2014)
	E6, Skibotn (2016)
Vegavdeling Finnmark	E75, Varanger nord (2015)

Tilsynssaka er gjennomført med dokumentgjennomgang og intervju med aktuelle personar. Intervju blei gjennomført 28. mai, 2. juli og 20. august 2019.

Tilsynspart har lagt forholda til rette for ei effektiv gjennomføring av tilsynet.

4. Tilsynsresultat

Symbola som er brukt for å illustrere tilsynsfunna i rapporten går fram av tabellen under.

Symbol	Vurdering av samsvar med tilsynskriterium
	Avvik: Mangel på samsvar med krav
	Observasjon: Forhold der ein gjennom revisjonen har sett at det er potensial for betring hos tilsynspart
	Tilsynskriteriet er oppfylt

Utkast til rapport blei lagt fram for tilsynspart 17.10.2019, med frist for å gi tilbakemelding på faktafeil. Tilsynspart ga slik tilbakemelding innan fristen og dette er tatt omsyn til ved utarbeiding av endeleg tilsynsrapport.

For å kartlegge manglar og gjennomføre tiltak for å ivareta trafikksikkerheita på gang- og sykkelveggar, har Vegdirektoratet informert om at alle sykkelruter langs riksvegnettet skal inspiserast. Handbok V720 *Trafikksikkerhetsrevisjoner og -inspeksjoner* (2005) og Handbok 249 *Sykkelveginspeksjoner* (2004) skal leggest til grunn ved gjennomføring av denne oppgåva.³

Tilsynskriterium 1: Prosjekteigar er ansvarleg for å bestemme kva tiltak som skal gjennomførast⁴

Tilsynsbevis

De fire vegavdelingane har valt ulike måtar å ivareta prosjekteigarrolla for å bestemme tiltak etter sykkelveginspeksjonane. I vegavdeling Nordland er det seksjonsleiar for plan og forvaltning som har ansvar, mens det i vegavdelingane Midtre Hålogaland, Troms og Finnmark er avdelingsdirektørane som har ansvar.

I alle dei fire vegavdelingane blir dei tiltaka som er føreslått i inspeksjonsrapporten gjennomgått, og det blir utarbeidd framlegg til tiltak som bør gjennomførast. Det blir brukt fagleg skjønn og erfaring for å velje og prioritere tiltak basert på kor alvorleg funnet

³ Brev datert 17.10.2018 «Svar på varsel om tilsyn i sak 2018-15 *Sykkelveginspeksjoner*»

⁴ Handbok V720 *Trafikksikkerhetsrevisjoner- og inspeksjoner*, del 0 «Generelle bestemmelser», kapittel 6 «Prosessen», kapittel 6.2 «Eksisterende veg», punktet om prosjekteiers ansvar.

er, og kostnad på tiltaket. Dei har ingen metodiske verktøy til hjelp i denne jobben, og vurderingane blir ikkje dokumentert.

Under inspeksjonane blei alvorret til funna vurdert i samsvar med figur 1 i Handbok V720 *Trafikksikkerhetsrevisjoner og -inspeksjoner*:

Alvorlighetsgrad	(Kryss av i aktuell rute)		
Konsekvens →			
Sannsynlighet ↓	Lettere	Alvorlig	Meget alvorlig / drept
Liten			
Middels			
Høy			

Figur 1: Mal frå T-ess-skjema til vurdering av alvor til funn

Vegtilsynets gjennomgang av forslaga til kva tiltak som bør bli gjennomført, viste følgande om typar funn som står att når dei vedtekne tiltaka er gjennomført:

Tabell 2: Oversikt over funn som ikkje er bestemt utbetra, august 2019

Sykkelveginspeksjon		Totalt tal funn avdekkja	Røde funn som ikkje utbetrast	Orange funn som ikkje utbetrast	Gule funn som ikkje utbetrast
Vegavd. Nordland	E6, HP8 Førnes/HP9 Sjønesheia	6*	0	1	1
	E12, Tverråga bru – x Brennåsvegen	12	1	5	1
Vegavd. Midtre Hålogaland	E10, Strandelva – Bogen skole	16	0	0	1
	E6, Skjomnes – Håkvik	5	0	0	0
	E10, Hamnøytunnelen/Fjøsaldtunnelen	10	0	1	0
Vegavd. Troms	E6, Sørkjosen – Storslett	34	1	7	0
	E6, Skibotn	7	0	0	3
Vegavd. Finnmark	E75, Varanger nord	23	0	8	5

* E6, HP8 Førnes/HP9 Sjønesheia: 2 av funna manglar alvorlegheitsgrad og desse er ikkje kategorisert i tabellen.

Forslaga til prioriterte tiltak blir sendt til prosjekteigar for godkjenning. Vanlegvis er det ikkje tilstrekkeleg med pengar til å utføre alle dei tiltaka som er føreslått i inspeksjonsrapporten.

Regionen har lagt fram dokumentasjon på kva som er bestemt for alle dei tiltaka som er føreslått i sykkelveginspeksjonane frå dei fire vegavdelingane.

Vurdering: Vegtilsynet ser at Region nord har rutinar for å bestemme kva tiltak som skal gjennomførast og har dokumentert kva som er bestemt.

Etter det Vegtilsynet finn, kunne vegavdelingane hatt nytte av ein metode eller eit verktøy som ville gjort det enklare å sikre at tiltak med stor risikoreduserande effekt og lav kostnad blir prioritert. Dette ville vore til hjelp for å dokumentere dei vurderingane som er gjort i samband med prioriteringane.



Funn 1 - observasjon

Vegavdelingane manglar metode/verktøy i prosessen med å velje og prioritere tiltak basert på kor alvorlege funna er og kva tiltaket kostar.

Tilsynskriterium 2: Prosjekteigar er ansvarleg for å følge opp gjennomføringa av tiltak⁵

Tilsynsbevis

Dei fire vegavdelingane har valt ulike måtar for å ivareta prosjekteigarrolla som følger opp gjennomføringa av tiltak. Ansvar er delt i ansvar for å gjennomføre tiltaka og ansvar for oppfølging. Organiseringa i de fire vegavdelingane, for sykkelveginspeksjonane gjennomgått i denne tilsynssaka, går fram av tabell 3.

Tabell 3: Undersøkte sykkelveginspeksjonar

	Inspeksjon	Ansvar for gjennomføring	Ansvar for oppfølging
Vegavdeling Nordland	E6 Hp8 Førnes E6 Hp9 Sjønesheia E12 Tverråga bru – x Brennåsvegen	Seksjonsleiar drift og vedlikehald	Seksjonsleiar plan og forvaltning
Vegavdeling Midtre Hålogaland	E10 Strandelva – Bogen skole E6 Skjomnes - Håkvik	Byggeleiar vegseksjonen	Plan og forvaltning (sykkelkontakt)
	E10 Hamnøy- og Fjøsaldaltunnelen	Prosjektleiar vegseksjonen	Plan og forvaltning (sykkelkontakt)
Vegavdeling Troms	E6 Sørkjosen - Storslett	Kontrollingeniør investering	Seksjonsleiar investering
	E6 Skibotn	Kontrollingeniør drift og vedlikehald	Seksjonsleiar investering
Vegavdeling Finnmark	E75 Varanger nord	Seksjonsleiar prosjekt Vest-Finnmark	Seksjonsleiar prosjekt Vest-Finnmark

I vegavdelingane Finnmark og Nordland brukar dei prosjektbestilling for å bestille gjennomføring av tiltak.

I vegavdelingane Troms og Midtre Hålogaland, blir inspeksjonsrapporten og prioriteringslista sendt på e-post til utførande som får beskjed om å følge prioriteringslista fram til pengane er oppbrukt.

Region nord har utvikla ein eigen rutine for oppfølging av inspeksjonsrapportar. Alle tiltak frå sykkelveginspeksjonane blir lagt inn i eit felles excel-ark kalla "Sykkelveginspeksjon 2014-2018". På slutten av året blir ein førespurnad sendt til prosjekteigar, som blir bedt om å svare på kva som er bestemt/gjennomført for kvart

⁵ Handbok V720 Trafikksikkerhetsrevisjoner- og inspeksjoner, del 2 «Trafikksikkerhetsinspeksjoner», kapittel 6 «Etterarbeid».

tiltak. Svaret blir skrevet som merknad i kvart T-ess ark. Deretter blir excel-arket "Sykkelveginspeksjon 2014-2018" oppdatert.

Regionen har lagt fram dokumentasjon på status for alle dei tiltaka som er føreslått i inspeksjonsrapportane.



Ingen funn

Tilsynskriteriet er oppfylt.

Tilsynskriterium 3: Alle vedtekne tiltak skal gjennomførast⁶

Tilsynsbevis

Vegtilsynets gjennomgang av tiltaka etter sykkelveginspeksjonane viste følgande:

Tabell 4: Oversikt over utførte tiltak, august 2019

Sykkelveginspeksjon (inspeksjonsår i parentes)		Totalt tal funn avdekka	Tal tiltak bestemt gjennomført	Tal tiltak utført
Vegavd. Nordland	E6, HP8 Førnes/HP9 Sjønesheia (2018)	6	4	2 (50%)
	E12, Tverråga bru – x Brennåsvegen (2018)	12	5	5 (100%)
Vegavd. Midtre Hålogaland	E10, Strandelva – Bogen skole (2014)	16	15	14 (93%)
	E6, Skjomnes – Håkvik (2016)	5	5	5 (100%)
	E10, Hamnøytunnelen og Fjøsaldaltunnelen (2017)	10	9	7 (78%)
Vegavd. Troms	E6, Sørkjosen – Storslett (2014)	34*	25	25 (100%)
	E6, Skibotn (2016)	7	4	4 (100%)
Vegavd. Finnmark	E75, Varanger nord (2015)	23	10	10 (100%)

* Det blei fylt ut 20 T-ess-skjema i inspeksjonen, men på nokre av skjemaa var det sett opp fleire funn. I tala i tabellen er dette rekna som enkeltfunn, slik at tala er høgare enn tal T-ess skjema. Eitt av de 34 funna falt bort pga. endring.

Vurdering: Vegtilsynet ser at i vegavdelingane Troms og Finnmark er alle dei vedtekne tiltaka gjennomført. Vegavdeling Nordland og vegavdeling Midtre Hålogaland har ikkje gjennomført alle vedtekne tiltak. Fem av totalt 77 tiltak står att. Tiltaka som står att er frå inspeksjonar gjennomført i 2014, 2017 og 2018. Vegtilsynet har ikkje fått opplysningar som tilseier at desse tre tiltaka er sett i gang, eller at det er bestemt at desse ikkje vil bli gjennomført.

Funn 2 - avvik

Vegavdeling Nordland og vegavdeling Midtre Hålogaland har ikkje gjennomført alle vedtekne tiltak.

⁶ Handbok V720 *Trafikksikkerhetsrevisjoner- og inspeksjoner*, del o «Generelle bestemmelser», kapittel 6.2 «Eksisterende veg», punktet om prosjekteiers ansvar.

5. Konklusjon

Undersøkinga har vist at Region nord stort sett etterlever dei krava Statens vegvesen har sett til oppfølging av funn avdekka gjennom sykkelveginspeksjonane. Region nord har etablert eit system som sikrar at det føreligg dokumentasjon på tiltak som er bestemt gjennomført og status for kvart enkelt av desse tiltaka. Gjennom dette systemet finst ei total oversikt for alle dei tiltaka som er føreslått i inspeksjonsrapporten etter sykkelveginspeksjonane.

Samtidig viste tilsynet at nokre av dei alvorlege funna ikkje er, eller vil bli, utbetra. Trafikksikkerheita på areal for syklistar er dermed ikkje fullt ut ivaretatt gjennom oppfølginga av sykkelveginspeksjonane.